

**FRÅSEGN FRÅ ÅRSMØTE I SOGN OG FJORDANE VENSTRE
17 – 18. FEBRUAR 2007**

Forpliktande klimaplan for Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Venstre vil arbeide for ein reduksjon av klimagassutsleppa i fylket med minst 30% innan 2020.

For å nå dette målet vil Venstre at Sogn og Fjordane fylke utarbeider ein forpliktande klimaplan og oppmodar kommunane i fylket om å gjere det same.

Døme på klimatiltak:

- Bruke sin marknadsposisjon som innkjøpar til å gjere biodrivstoff tilgjengeleg for innbyggjarane.
- Arbeide for alternativ oppvarming med fornybar energi.
- Sørge for eit godt utbygd gang- og sykkelvegnett.
- Styrke kollektivtrafikken ved å gjere det lettare og betre å reise kollektivt.
- Styrke samarbeidet mellom dei store arbeidsplassane i fylket og trafikkselskapa for å få eit meir tilpassa rutetilbod.
- Spare på straumen i eigen bygningsmasse.
- Ta i bruk miljøvenleg oppvarming i offentlege bygg.
- Legge klimaaspektet til grunn for areal- og planpolitikk
- Lage lokale klimavett-kampanjar